



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2017	Valstyret	PS	03.04.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/395

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Val av røystestyremedlemmer

Det er sendt brev til alle som har tenestegjort som medlem/varamedlem i røystestyra ved siste val/folkerøysting. Svarfristen er 7. april. I tillegg må alle medlemmer/valmedarbeidarar også sjekkast om dei står på valliste for Hordaland; innleveringsfristen for vallistene er 31.03.

Røystestyremedlemmene må difor veljast i eit seinare møte.

Det skal veljast eit røystestyre i kvart vallokale på minst 3 medlemmer som er ansvarlege for gjennomføringa av valet. Vaksdal kommune har til no vald alle medlemmene/valmedarbeidarane som røystestyre. Desse må veljast etter reglane i kommunelova, og krav om representasjon frå begge kjønn må vere oppfyllt, samt at alle medlemmene må vere manntalsførte i Vaksdal kommune. Dersom ein vel eit røystestyre på t.d. 3 medlemmer i kvar krins og oppnemner valmedarbeidarar i tillegg til desse, treng ein berre ta omsyn til lovkrava for dei 3 røystestyremedlemmene. Ein ber om at valstyret drøftar dette i møtet.

Oppteljingsmåte

Det kan veljast mellom 3 ulike oppteljingsmåtar:

- **Sentralt - samla:** Førebels oppteljing vert gjort hos valstyret sentralt i kommunen. Alle krinsar vert slått saman og talt samla
- **Sentralt - fordelt på krets:** Førebels oppteljing vert gjort hos valstyret sentralt i kommunen, men kvar krins vert talt separat
- **Lokalt - fordelt på krets:** Førebels oppteljing vert gjort av røystestyra i kvar krins (i vallokala).

Denne måten har vore nytta i Vaksdal kommune sidan folkerøystinga i 2009

Endelig oppteljing skjer alltid hos valstyret.

Ein ber valstyret drøfta kva oppteljingsmåte ein ønskjer i Vaksdal kommune.

Valstyret - Sak 10/2017

VAL - Behandling:

Oppteljingsmåte:

Valstyret samla seg om å telja lokalt fordelt på krins.

Røystestyremedlemmer:

Valstyret samla seg om å velja 3 røystestyremedlemmer i kvar krins, og at det vert oppnemnd valmedarbeidarar i tillegg. Røystestyremedlemmene/valmedarbeidarane vert valde i neste møte i valstyret.